



Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Årsmelding og rekneskap 2002



Årsmelding	1	Kontantstrømoppstilling	20
Resultatregnskap	6	Meldingar	21
Balanse	7	Tillitsvalde	22
Regnskapsprinsipp	8	Presentasjon av Gjermund Valland	23
Notar	10		

Banken opna nytt ekspedisjonskontor i kjøpesenteret AMFI Voss 7. november 2002. Kundebesøket har vore godt heilt frå starten av, og våre tilsette trivst i det fine ljose lokalet.

I tilknytning til kontoret er det installert nattsafe og minibank, tilgjengelege heile døgret. Vi har fått mange positive og hyggelege tilbakemeldingar etter opninga. Du er velkomen innom både her og på hovudkontoret i Vangsgata.

På veggen til venstre i lokalet er vi så heldige å ha hengjande måleriet "Slottet vårt" av Gjermund Valland. (Foto: Fotograf Senderud AS)



Bilete på framsida: «Ved Grønli». Foto Geirfinn Lysne.



Årsmelding 2002

Banken sitt 104. rekneskapsår

Bankåret

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har den glede å kunna leggja fram ein rekneskap for 2002, banken sitt 104. rekneskapsår, som viser tilfredsstillande tal. Innteninga på ordinær bankdrift er god og banken gjev utbytte til aksjonærane sine, og resultatet styrkjer banken sin eigenkapital.

Auka inntektsvekst, redusert skatt og avgiftslette for folk flest, gav god stimulans til ny vekst i den norske økonomien – som auka med om lag 3,5%. Det var høg omsetnad av bustader til stadig høgare prisar, og veksten i hushalda si gjeld var større enn lønsauken. Den generelle prisstiginga var låg. Noregs Bank sette opp styringsrenta med 0,5% i juli for å dempa presset i økonomien.

Lønsveksten i konkurranseutsett industri vart på om lag 5%. Arbeidsløysa auka innanfor fleire yrke i fjor, sterkast innanfor tenesteytande sektor – som til dømes blant konsulentar innan informasjonsteknologi. Ei styrking av den norske krona med om lag 15% overfor ymse valutaer dei siste to åra, og spesielt overfor dollar, har ramma eksportindustrien sterkt. For denne næringa har det vore behov for ymse omstillingar. Fleire verksemdar har flytta produksjonen ut til land med lågare kostnadsnivå. Frametter har styresmaktene vedteke å nytta ein del av avkastninga på staten sitt oljefond til å løysa offentlege oppgåver. Redusert sysselsetting i konkurranseutsett industri vert såleis i stor grad fanga opp av auka sysselsetting i offentlig sektor.

Sviktande tillit til bokføringa i det store amerikanske krafthandelsselskapet ENRON, telekommunikasjonsselskapet WorldCom, samt den generelle utviklinga i verdsøkonomien, førde til kraftig børsfall sommaren 2002. Oslo Børs sin hovudindeks svekka seg med heile 31 prosentpoeng. Indeksen på New York børsen, Dow Jones, svekka seg med 17 prosentpoeng. IT-indeksen på same børs, Nasdaq-indeksen, svekka seg med heile 32 prosentpoeng. Investorar kan derimot glede seg over ei avkastning på om lag 7,25 prosent i den norske pengemarknaden i 2002. Sjølv om Noregs Bank har sett ned renta med 0,5 prosentpoeng mot slutten av året og i januar 2003, ligg tilhøva til rette for at bank sparing og investeringar i pengemarknaden vil gje ei god avkastning i 2003.

Mange makroøkonomar meiner at konjunkturane internasjonalt flatar ut i fyrste halvår 2003. Veksten vert mest sannsynleg moderat i 2. halvår, for deretter å ta seg noko opp i 2004.

Bygda i 2002

Det er gledeleg at bruken av skianlegga i bygda har teke seg opp. Bygda kan garantera gode skitilhøve for dei fleste skigreiner blant anna med hjelp av kunstig snø. Det har nok vore særst viktig.

Idrettsutøvarar frå Voss har verkeleg sett bygda på kartet i 2001/2002-sesongen. Det toppa seg under dei olympiske vinterleikane i Salt Lake City. Vossingane kom heim med heile tre gullmedaljer.

Kari Traa fekk 1. plass i kulekøyning. Vidare vann ho verdscupen samanlagt, fekk 1. plass i kulekøyning og 2. plass i parallell kulekøyning. Hilde Lid avslutta sin aktive skikarriere i freestyle hopp med 13. plass i verdscupen og 16. plass i OL.

Egil Gjelland kom heim frå Salt Lake City med gull i 4x7,5 km skiskyttarstafett. Av andre plasseringar kan nemnast frå Noregsmeister-skapen: 1. plass 20 km normaldistanse, 2. plass på 15 km fellesstart og 2. plass på 10 km sprint, 3. plass på 12,5 km og 3. plass på 4x7,5 km stafett.

Den tredje gullmedalja under dei olympiske vinterleikane skaffa Kristen Skjeldal med 1. plass på 4x10 km stafett. Kristen hadde ein god skisesong og vart nr. 4 i verdscupen samanlagt. I Noregsmeisterskapen vart det tre 1. plassar: 10 km fristil, 15 km klassisk jaktstart og 50 km fristil fellesstart. I Holmenkollen vart det 2. plass på 50 km fristil.

Blant mange yngre lovande utøvarar kan nemnast Eirik Haugo på snøbrett – Bigjump, Halfpipe og Slope Style. Kristoffer Gjerde gjer framleis framgang på Twintipski. Cathrine Evensen og Linda Mørkve skal delta på ungdomsOL for skiskyttarar. Blant gutane er det Tor Halvor Bjørnstad som gjer det best innan skiskyting. Inger Anne Himle Halrynjo og Nils Petter Bere er våre fremste på roarenaen. Lars Bystøl vart fyrste vossing som deltok i den tysk-austeriske hoppveka.

2002 har vore eit bra år for mange verksemdar. Entreprenørbransjen har hatt mykje arbeid blant anna på Tvildemoen med bustader, og hytter i Bavallen og i Myrkdalen. På Tvildemoen har selskapet Nordisk Språkteknologi, etter ei sterk nedbemanning, vorte tilført eit callsenter, som fører til ei oppbemanning på 20 personar. For fyrste gong i selskapet si dramatiske historie, kan dei visa til økonomisk overskot på drifta. Gode veksttilhøve gjorde at bøndene fekk gode avlingar i 2002, men omstillingar er naudsynt for å betra den framtidige innteninga.

Av aktivitetar elles kan nemnast at Vossajazz sin 29. festival vart musikalsk og økonomisk vellukka.

"Ekstremsportveka" i juni er eit arrangement som vert større år for år. Eit variert program trekte til seg mange tilreisande.

Voss Cup i fotball, med omlag 9000 tilreisande, vart på ny ein stor suksess. Dette er landets største cup for dei yngste fotballspelarane.

Vossingane er kjende for sitt store engasjement innanfor frivillige lag og organisasjonar, som arbeider for og med ungdom. I kommunen er det heile 37 idrettslag med allsidige idrettsaktivitar. Vidare finn vi blant anna fot- og handballklubb, 9 ungdomslag, fleire musikkorps og lag, speidarrørsla, kristelege lag og ten-sing, køyre- og rideklubb, skyttarlag og Røde Kors.

I august fekk bygda og spesielt bebuarane på Vetleflaten Omsorgsenter besøk av kronprinsparet.

I september vart det arrangert ein vellukka Roots & Blues festival. I byrjinga av oktober vart den årlege smalahovefestivalen arrangert. Seinare i månaden var det den årlege Osafestivalen. Begge arrangementa er populære tilskipingar med god oppslutnad.


I november vart Voss sitt fyrste kjøpesenter opna av fylkesmann, fylkesordførar og ordføraren i Voss. I Vangsgata vart det sett i gang omfattande gravearbeid. Planen er at det "offentlege rom" på Voss – torget, hovudgata og Hestavangen – skal framstå i ny "drakt" til hausten. Dette vert spennande.

Vekselbanken i 2002

Driftsresultatet til banken for 2002 er tilfredsstillande. Den ordinære bankdrifta går godt. Resultat etter tap og skatt er om lag 2,2 mill. kr. dårlegare enn året før. Dette skuldast i stor grad avkastninga på banken sine verdipapir. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for årsrekneskapen.

Likviditeten til banken har vore god gjennom heile året. Banken er nøgd med at det er ein positiv tilgang på innskotsmidlar frå bygda. Styret i banken har heilt medvite freista å tilgodesjå kundane med gode vilkår på innskot.

UTVIKLING ÅRSRESULTAT



Gjennom året har det vore stor aktivitet i banken. I gjennomsnitt har omlag 500 kundar vorte ekspedert i kassane dagleg. Dette har òg ein samanheng med at banken er gebyrfri på betalingsformidling. 1.500 lånesaker har vorte handsama. Netto utlånsauke er på 93 mill. kr., eller 9,3%.


I 2002 har banken satsa vidare på at private og bedrifter skal kunna utføra betalingstransaksjonar via internett. På dette viset får kundane tilgang til banken heile døgeret. Interessa frå kundane er stor. Meir enn 1900 kundar nyttar NettBank, og nett-transaksjonar er auka med 50 prosent gjennom året. Prisen på tenestene er svært konkurransedyktige, då dei for tida er gratis.

I takt med kundar sin auka bruk av kort som betalingsmiddel, har bedriftskundane til banken teke i bruk stadig fleire butikk-terminalar. For tida er om lag 125 terminalar og 5 minibankar utplasserte. Omsetnaden i butikk-terminalane har auka med om lag 20 prosent gjennom året.

Innskota til banken har auka med vel 12 prosent i år. Dette er banken nøgd med, då eigne innskot er vurdert som den billigaste måten over tid å finansiera utlånsverksemd på. Innskotsutviklinga til banken er difor viktig for den daglege innteninga. Dermed er banken i stand til å tilby kundane gunstige vilkår på banktenester, og vi har med glede konstatert ein auka tilgang på nye kundar i 2002.

Banken sin eigenkapital er styrka frå 134,7 til 142,9 mill.kr. i 2002. Eigenkapitaldekninga er på solide 17,4 prosent ved årsskiftet. Det lovmessige kravet til eigenkapitaldekning er 8 prosent. Kravet til kjernekapital (aksjekapital og beskatta fonds) er 4 prosent av risikovekta balanse. Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har 16,9 prosent kjernekapital ved årsskiftet. Sjå note 22.

UTVIKLING I RÅDVELDEKAPITAL



Det er viktig at banken aukar eigenkapitalen årleg. Dermed kan banken også auka det totale engasjementet overfor kundane sine, og halda tritt med trongen for nye investeringar. Kredittilsynet krev at storleiken på eit engasjement med ein kunde ikkje må overstiga 25 prosent av netto ansvarleg kapital. I år 2003 kan såleis Voss Veksel- og Landmandsbank ASA ha engasjement på omlag 34,5 mill. kr. til ein kunde.


Banken sin samla rådveldekapital har auka med 11,9 prosent i 2002. Auken kjem av innskotsauke og banken sitt overskot på drifta. Banken har for tida ikkje konkrete planar om aktivt å tilby tenester utanfor Voss med omland.



Innskot

Samla innskot frå kundar auka i 2002 med 124 mill. kr. til 1.102 mill. kr., eller med 12,7 prosent. Auken i 2001 var 9,6 prosent.

INNSKOTSUTVIKLING



Innestående på folio-, spare- og skattetrekkskonti er 160 mill. kr., ein auke på 28 mill. kr. Innskot på høgrentekonti er på 142 mill. kr., ein reduksjon på 5 mill. kr. På vekstkonti er det innestående 245 mill. kr., ein auke på 31 mill. kr. Særvilkår har hatt ein auke på 56 mill. kr., med totalt innestående 367 mill. kr. Når det gjeld Bustadsparing med Skattefrådrag for Ungdom er det teikna totalt 17 mill. kr., ein auke på 1 mill. kr. Løns- og honnørkonti har ein auke på 12 mill. kr., med totalt innestående 169 mill. kr.

Vekselbanken har eit godt rentetilbod til kundane sine. Banken ser det som ynskjeleg at dei generelle tilhøva for sparing i bank vert betra. Vi er glade for at innskotskundane har slutta opp om banken, og vi ser fram til vidare framgang i 2003. Kundane opplever for tida relativt høge renter på innskotsmidlane. Inflasjonen er relativt låg, forventta 2,5 prosent i år 2003, slik at kundane sit att med positiv realavkastning. Dette er trass alt også plasseringar utan administrasjonskostnader, med svært låge transaksjonsgebyr og med svært låg risikoprofil. Sjå elles note 18.

Finansiell risiko

Styret har vedteke ein låg/moderat risikoprofil for banken sin finansielle risiko. Hovudtype av finansiell risiko ligg i ei renteendring vedkomande banken sin obligasjonsportefølje og vesentleg kursnedgang på Oslo Børs. Sjå note 25 til rekneskapen.

Kreditrisiko

Risikoen for tap på utlån og garantiar vert vurdert som moderat. Overvakinga skjer regelmessig ved gjennomgang av misleghald, overtrekk, økonomioppfølging av kundane, og utvikling av verdien på banken si sikkerheit.

Næringslivsengasjement vert systematisk risikoklassifisert etter mottak av rekneskap. Banken nyttar ein modell der hovudvekta vert lagd på kunden sin resultatrekneskap, eigenkapital og verdi av deponert sikkerheit. Privatengasjement vert vurdert etter belåningsgrad i høve til samla inntekt og verdi av deponert sikkerheit.

Verdipapir

Banken sin handelsportefølje av obligasjonar er bokført til marknadsvardi 20,3 mill. kr. Banken si beholdning av obligasjonar som skal haldast til forfall er bokført til 24,9 mill. kr. Ved ei generell renteendring på 1 prosent vil handelsporteføljen sin verdi verta endra med 0,5 mill. kr. Banken har gjennom året redusert porteføljen av sertifikat og obligasjonar med 15,9 mill. kr. Sjå note 13.

Banken har ved årsskiftet auka kontantar og innskot i bankar og Noregs Bank med 54,3 mill. kr., til samla 139,6 mill. kr. Sjå note 10 til rekneskapen.

Banken har redusert si eksponering i aksjar med 0,7 mill. kr. i 2002. Omlag 2,7 mill. kr. er plassert i grunnfondsbevis, og 7,9 mill. kr. er investert i andre aksjar. Eksportfinans utgjør største einskildplassering med bokført verdi på 5,4 mill. kr. Sjå note 15 til rekneskapen.

Nedskrivning på aksjar som er anleggsmiddel er føreteke med 0,05 mill. kr., mot 1,5 mill. kr. i fjor. Sjå note 8.

Kreditilsynet har fastsett eit likviditetskrav på at minst 6 prosent av banken si netto gjeld skal vera plassert i stats- og statsgaranterte papir. Banken har 6,8 prosent av netto gjeld i slike papir, og har ei overdekning i høve til desse krava på 8 mill. kr.

Banken har pantsett obligasjonar pålydande 30 mill. kr. for å kunne trekkja på Noregs Bank si daglege låneordning. Sjå elles note 24 til rekneskapen.

Likviditetsrisiko

Banken sin likviditetsrisiko er låg. For tida utgjør innskota 99,7 prosent av brutto utlån. Utanom særvilkårsinnskot, med ein månads oppseiing, har ikkje banken fast rente som standardvilkår, korkje på innskot eller utlån. Banken sine verdipapirplasseringar er i det alt vesentlege vurdert som likvide og lett omsettelege.

Valutarisiko

Valutarisikoen til banken er berre knytt til verdiendringar på banken sin kontantbeholdning av valuta. Den gjennomsnittlege behaldninga gjennom året utgjør om lag 1,0 mill. kr.

Risikostyring

Styret har etablert tilfredsstillande tiltak for risikostyring, og fastsett rammer for risikoeksponering. Vedteken risikoprofil er moderat. Endringar på verdien av samla rente-

berande verdipapirplasseringar må haldast innanfor to prosent av den samla porteføljen ved ei endring på ein prosent i det generelle rentenivået. Alle verdipapirplasseringar vert rapporterte og gjennomgått på styremøta.

Utlån


Bedriftskundar vert klassifiserte etter inntening, eigenkapital og verdi av deponert sikkerheit. Privatkundar vert klassifiserte etter inntening og verdi på deponert sikkerheit. Retningslinjer for kredittgjeving krev at risiko skal prisast. Låg risiko vert prisa lågare enn høg risiko.

Dei samla utlåna til banken i 2002 er auka med 93 mill. kr., eller 9,3 prosent. Året har vore prega av stor konkurranse på utlånsmarknaden. Då realrenta etter skatt framleis er noko høg, vert eigne midlar brukt i større grad enn før ved investeringar, og mange kundar har framleis prioritert å nedbetala gjeld.

Samla volum på kassakreditt og brukskontokreditt er minka med 9 mill. kr. Byggelåna er redusert med 25 mill. kr. Volumet på rehabilitering, påbygg og generell omvøla av bygningar held seg stabilt.

Nedbetalingslåna har auka med 128 mill. kr. Auken fordeler seg med omlag 65 prosent på privatkundemarknaden og 35 prosent på næringsverksemdar. Sjå note 11.

UTLÅNSUTVIKLING



Garantiar

Banken har ved årsskiftet eit samla garantiansvar på 26,1 mill. kr. Garantiar fordelt etter garantitype er spesifisert under note 23.

Avsett til dekning av tap på utlån

Banken har pr. 31.12.02 bokført netto tap på utlån og garantiar med 1,4 mill. kr. Konstaterte tap i 2002 er bokført med 1,7 mill. kr., mot 0,8 mill. kr. året før. Dei uspesifiserte tapsavsetjingane er vurderte som tilstrekkelege. Avsetjing til tap vert vurdert når eit engasjement er mislegchalde i 90 dagar ved manglande innbetaling. Når det gjeld tap på utlån og garantiar og banken sine tapsavsetjingar, viser vi til note 11.

I 2002 har banken halde fram sitt arbeid med å redusera tapa. Banken har gjennom året medverka til nyinvesteringar og auka aktivitet i bygda ved tildeling av nye lån. Dette kan påføra vår bank nye tap på utlån. Likevel forventar banken ikkje noko høgare tapsnivå for 2003 enn året før. Styret vurderer banken sine avsetjingar som tilfredsstillande ut i frå den risiko som ligg i engasjementa.

Resultatrekneskapan

Banken har netto rente- og kredittprovisjonsinntekter på 38,9 mill. kr., mot 37,3 mill. kr. året før. Rentenettoen tilsvarer 3,19 prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital, mot 3,40 prosent året før.

Banken sine renteinntekter er 98,6 mill. kr. i 2002. Dette er 8,08 prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital. Renteutgiftene er 59,7 mill. kr., som er 4,89 prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital. Banken har endra dei generelle rentevilkåra to gonger i 2002 – opp med 0,5 prosentpoeng i juli og ned med 0,5 prosentpoeng i desember. Provisjonsinntektene til banken er på 3,7 mill. kr. Desse inntektene er omlag berre halvdel av gjennomsnittet for norske forretningsbankar. Det skuldast at banken ikkje har gebyr på girotenester. Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir er bokført med eit tap på 2,2 mill. kr., mot eit tap på 0,3 mill. kr. i fjor. Andre driftsinntekter utgjer 0,1 mill. kr. i 2002. Dei samla driftskostnadane til banken viser ein auke på 2,1 mill. kr. samanlikna med året før.

Nytt ekspedisjonskontor

7. november opna banken eit nytt ekspedisjonskontor i AMFI kjøpesenter i Haugamoen på Voss. Kjøpesenteret er på 7.500 kvadratmeter og har 27 butikkar av ymse slag. Banken tilbyr alle vanlege banktenester utanom utlån. Nattsafe og minibank er tilgjengeleg heile døgnet. Gjennom opplæring av dei tilsette, rullering og omorganisering vert dei totale personalkostnadane for banken om lag uendra. Føremålet med etableringa var å auka servicetilbodet og tilgjengelegeheita. Forventningane var at kontoret ville ta seg av 25% av banken sine totale serviceoppdrag for kundane våre – og alt no kan vi sjå at desse forventningane vil verta innfridde.

Personalet

Ved utgangen av 2002 hadde banken 18 tilsette på heiltid og 7 på deltid. Banken har 22,4 årsverk.

Samla lønsutgifter i 2002 utgjorde 8,0 mill. kr. Styret i banken vil påskjønna dei tilsette med kr. 2.500,- netto for god arbeidsinnsats i 2002. Sjå note 5.



Pensjonsordninga

Berekning av pensjonskostnader og forpliktingar etter Norsk Rekneskapsstandard er føreteke av aktuar. Gjennom medlemskap i Finansnæringsens Arbeidsgiverforening pliktar Vekselbanken å tilby avtalefesta førtidspensjon (AFP) til tilsette i banken frå fylte 62 år. Kr. 393.000,- er ført som kostnad i år 2002.

På banken si kollektive pensjonsforsikring har avkastninga på pensjonsmidlane vore større enn pensjonskostnaden. Såleis er kr. 253.000,- ført som netto inntekt i resultatrekneskapan. Pr. 31.12.02 er pensjonsmidlar vurdert til marknadsvardi 22,7 mill. kr. Berekna framtidig pensjonsforplikting er 18,5 mill. kr.

Banken nyttar lineær premieberekning av dei framtidige pensjonskostnadane. Den kollektive pensjonsordninga omfattar 25 aktive medlemmer, 1 person 40% AFP, 1 person 100% AFP og 3 pensjonistar. Dei årlege pensjonsutbetalingane vert G-regulert. Sjå note 17.

Årsoverskotet

Årsoverskotet for 2002 er kr. 11.056.067,- etter skattekostnad kr. 3.865.935,-.

Styret rår til at overskotet vert nytta slik:

Utbytte for 2002 (30 kr.)	kr. 2.850.000
Overført til annan eigenkapital	kr. 8.206.067
Sum overføring og disposisjonar	<u>kr. 11.056.067</u>

Arbeidsmiljøet

I 2002 har banken halde fram med å betra arbeidsmiljøet i banken. Det er lagt vekt på at arbeidsplassar, arbeidslokalet, maskinanlegg og miljøet elles skal vera så tenleg og triveleg som mogeleg for dei tilsette og for kundane våre. Det har ikkje vore registrert skader på personar eller materiell. Sjukefråværet har gjennom året vore 2,8 prosent av den totale arbeidstida i banken.

Tryggingstiltak

Det har også i 2002 vore gjort investeringar for å betra tryggingssystemet i banken. Tryggingstiltaka og -rutinane er vurdert som gode. Banken si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Utsiktene for år 2003

I banken sitt marknadsområde kan vi rekna med stabil aktivitet, ut i frå dei planane som er kjende. Den tradisjonelle bankdrifta forventar vi vil utvikla seg på linje med fjoråret. Oslo Børs si kursutvikling generelt vil venteleg verta noko betre i 2003, samanlikna med året før. Sterk kronkurs og utsikter til stabil eller lågare inflasjon, kan gje rom for ein generell rentenedgang på omlag 0,5 til 1 prosentpoeng.

Banken kjenner ikkje til faktorar etter rekneskapsåret sin utgang som er viktig for vurderinga av banken si stilling.

Avsluttande merknader

Styret nyttar høvet til å takka alle kundar og aksjonærar for godt og hyggeleg samband i 2002. Styret takkar òg alle tillitsvalde for deira innsats for banken, og ikkje minst dei tilsette i banken for god innsats og godt samarbeid i 2002.

Voss, 28. januar 2003.

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Astrid Kløve-Graue
Styreformann

Anders Ullestad

Arne Kjell Skeie

Norvald Fretheim

Lars I. Kvarekval

Jan Arveschoug
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i NOK I 000.

	Note	2002	2001
Renteinntekter og liknande inntekter	1	98 647	92 794
Rentekostnader og liknande kostnader	1	<u>59 723</u>	<u>55 437</u>
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		38 924	37 357
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning		867	2 338
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	2	3 705	3 019
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		- 2 249	- 1 673
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	3	- 2 193	- 337
Andre driftsinntekter	4	<u>113</u>	<u>360</u>
Sum andre inntekter		243	3 707
Sum netto inntekter		39 167	41 064
Løn og generelle administrasjonskostnader	5	18 579	17 522
Ordinære avskrivningar	16	754	716
Andre driftskostnader	6	<u>3 499</u>	<u>2 488</u>
Sum kostnader		22 832	20 726
Resultat før tap		16 335	20 338
Tap på utlån, garantiar m.v.	7	1 363	1 390
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	8	<u>50</u>	<u>1 536</u>
Netto tap og avskrivningar		1 413	2 926
Resultat før skatt		14 922	17 412
Skatt på ordinært resultat	9	<u>3 866</u>	<u>4 171</u>
Resultat for rekneskapsåret		11 056	13 241
Disponering av overskot:			
Utbytte på aksjar		2 850	3 325
Overført til annan eigenkapital		<u>8 206</u>	<u>9 916</u>
Sum disponert		11 056	13 241



BALANSE

Alle tal i NOK 1 000.

	Note	31.12.02	31.12.01
EIGNELUTAR			
Kontantar og fordringar på sentralbankar		38 780	50 674
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	10	100 858	34 596
Utlån til og fordringar på kundar	11	1 105 089	1 011 554
-Spesifiserte tapsavsetjingar	11	- 24 586	- 26 685
-Uspesifiserte tapsavsetjingar	11	- 22 036	- 20 036
Netto utlån og fordringar på kundar		1 058 467	964 833
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	13, 14	45 147	61 132
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	15	11 906	12 588
Varige driftsmidlar	16	6 323	3 372
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottokne inntekter	17	19 125	17 467
SUM EIGNELUTAR		1 280 606	1 144 662
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innskot frå og gjeld til kundar	18	1 102 143	978 097
Anna gjeld		18 324	16 044
Påløpne kostnader og mottokne ikkje opptente inntekter		4 265	3 209
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	19	3 969	3 613
Ansvarleg lånekapital	20	9 000	9 000
Sum gjeld		1 137 701	1 009 963
EIGENKAPITAL			
<i>Innskoten egenkapital</i>			
Aksjekapital (95 000 aksjar à kr. 100,-)	21	9 500	9 500
Sum innskoten egenkapital		9 500	9 500
<i>Opptent egenkapital</i>			
Annan egenkapital		133 405	125 199
Sum opptent egenkapital		133 405	125 199
Sum egenkapital	21	142 905	134 699
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		1 280 606	1 144 662
Garantiar	23	26 107	28 219
Pantsetjingar	24		

Voss, 28. januar 2003
Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Astrid Kløve-Graue
Styreformann

Anders Ullestad

Arne Kjell Skeie

Norvald Fretheim

Lars I. Kvarekval

Jan Arveschoug
Banksjef



REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sitt årsoppgjer er utarbeidd i samsvar med gjeldande lover og forskrifter for bankar og med god rekneskaps-skikk.

Det er ikkje gjort endringar i rekneskapsprinsipp frå 2001.

Periodiseringar

Renter, provisjonar, gebyr og aksjeutbytte

Renter og provisjonar vert inntektsførde etter kvart som dei vert opptente. Etableringsgebyr som vert belasta kunden ved låneopptak, vert inntektsførde fullt ut i etableringsåret, då dei berre dekkjer kostnadane knytta til låne-etableringa.

Inntekter og kostnader

Forskotsbetalte inntekter og påløpne kostnader av noko omfang, vert periodiserte og registrerte som gjeld. Opptente inntekter og forskotsbetalte kostnader av noko omfang, vert inntektsførde og registrerte som fordring.

Utlån, misleghald og tap på utlån og garantiar

Utlån er vurdert til nominell verdi, med unntak av engasjement som har vore gjenstand for tapsavsetjingar.

Misleghaldne og tapsutsette engasjement

Misleghald av eit engasjement føreligg når engasjementet ikkje vert betalt i samsvar med låneavtalen, og det er gått meir enn 90 dagar sidan avtalt forfall, eller når det samanhangande har vore overtrekt i 90 dagar. Kortvarig betalingsutsetjing vert ikkje sett på som misleghald. Andre tapsutsette engasjement er definert som engasjement der det ikkje føreligg misleghald, men der kunden si økonomiske stilling medfører at tap må påreknast.

Lån med endringsavtale

Lån med endringsavtale føreligg der rentevilkåra er vesentleg lågare enn ordinære rentevilkår. Banken sin portefølje av lån med endringsavtalar er ikkje vesentleg i høve til samla utlån, og neddiskontering til noverdi er ikkje føreteke.

Konstaterte tap

Som konstaterte tap vert rekna alle tap som er fastsett gjennom konkurs, ved stadfesta akkord, eller der kravet etter nærare vurdering vert rekna som uoppnåeleg.

Spesifiserte avsetjingar

Tapsutsette lån vert vurderte kontinuerleg med omsyn til behovet for spesifisert tapsavsetjing. Ved vurdering av tapsavsetjinga sin storleik vert det teke omsyn til kunden sin økonomi, verdi av trygd, samt tiltak iverksett overfor kunden. Spesifiserte tapsavsetjingar relaterte til utlån vert registrerte som reduksjon på brutto utlån. Spesifiserte tapsavsetjingar på garantiar vert registrerte som eigen post under "Avsetjing for påløpne kostnader og forpliktingar".

Uspesifiserte avsetjingar

Uspesifisert avsetjing er avsetjing til dekning av tap som på grunn av tilhøve på balansedagen, må påreknast å inntreffa på engasjement som ikkje er identifisert og vurdert etter reglane om spesifisert tapsavsetjing.

Nullstilling av renter

Inntektsføring av renter og provisjonar på lån vert stansa når eit engasjement er vurdert som tapsutsett, og den vurderte trygda samt kunden si økonomiske stilling tilseier at spesifisert tapsavsetjing må gjennomførast.

Verdipapir

Verdipapirporteføljen vert inndelt i:

- handelsportefølje
- anleggsporfølje

Handelsporteføljen

Obligasjonar, grunnfondsbevis og aksjar er verdsette til marknadsverdi på balansedagen.

Anleggsporføljen

Aksjar som er bestemt for varig eige er klassifisert som anleggsaksjar.

Anleggsaksjar er vurdert til kostpris. Dersom aksjen sin verkelege verdi er lågare enn bokført verdi, og verdninggangen ikkje er av mellombels karakter, er anleggsaksjen skriven ned til verkeleg verdi.

Anleggsobligasjonane er vurderte til kostpris. Overkurs / underkurs vert periodisert lineært i resterande løpetid.



Bygningar, maskiner og utstyr

Fast eigedom og varige driftsmidlar er registrerte i balansen til kostpris etter frådrag for akkumulerte av- og nedskrivningar. Driftsmidlar som skal avskrivast vert avskrive lineært i den økonomisk levetida, etter fylgjande satsar:

Bygningar	5%
Maskiner, inventar	20%
Edb-utstyr	30%

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar

Pensjonsordninga vert handsama i samsvar med "Norsk Regnskapsstandard for Pensjonskostnader". I samsvar med standarden vert pensjonsordninga handsama som ein ytelsesplan. Pensjonskostnad består av noverdi av pensjonsopptening i året, rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting og forventa avkastning av pensjonsmidlane. Pensjonskostnadane er registrert under "Løn og generelle administrasjonskostnader".

Overfinansiering av pensjonsforpliktinga er registrert under posten "Opptente ikkje betalte inntekter og forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader".

Ved rekneskapsavslutninga vert estimerte verdiar nytta ved verdsetjing av pensjonsmidlane og ved måling av påløpne forpliktingar. Desse estimata vert korrigererte kvart år i samsvar med oppgåve frå Storebrand Pensjonstjenester AS over utrekna verdi av pensjonsmidlane og aktuarmessige berekningar av forpliktinga sin storleik. Verknaden av estimatendringar og avviket mellom estimert og faktisk avkastning vert resultatført over gjennomsnittleg resterande oppteningstid når avviket overstig 10% av det største av pensjonsmidlane og pensjonsforpliktinga.

Utanlandsk valuta

Behaldning av utanlandsk valuta er verdsett etter midtkurs på Oslo Børs på balansedagen.

Skatt

Utsett skatt vert utrekna på grunnlag av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved utrekning vert nominell skattesats nytta. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader innan same tidsintervall vert vurderte mot kvarandre. Pensjonsmidlar vert vurdert særskilt. Utsett skattefordel oppstår dersom ein har mellombelse skilnader som gjev opphav til skattemessig frådrag i framtida.

Årets skattekostnad består av endringar i utsett skatt, årets betalbare skatt korrigert for for lite / for mykje avsett tidlegare år.

NOTAR TIL REKNESKAPEN

Alle tal i NOK I 000.

Note 1 Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

	2002	2001
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	8 615	4 638
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kundar	86 766	82 736
Renter og liknande inntekter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	3 266	5 420
Sum renteinntekter og liknande inntekter	98 647	92 794
Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar	7	76
Renter og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kundar	58 086	53 736
Renter og liknande kostnader på ansvarleg lånekapital	832	833
Andre rentekostnader og liknande kostnader	798	792
Sum rentekostnader og liknande kostnader	59 723	55 437
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	38 924	37 357

Note 2 Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

	2002	2001
Garantiprovisjon	171	173
Andre gebyr- og provisjonsinntekter	3 534	2 846
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	3 705	3 019

Note 3 Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar

	2002	2001
Netto verdiendring og gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	- 31	346
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	- 2 227	- 842
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta	65	159
Sum netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	- 2 193	- 337

Note 4 Andre driftsinntekter

	2002	2001
Driftsinntekter faste eigedomar	74	74
Andre driftsinntekter	39	286
Sum andre driftsinntekter	113	360

Note 5 Løn og generelle administrasjonskostnader

	2002	2001
Løn	8 041	7 568
Pensjonar	140	- 41
Sosiale kostnader	2 161	1 931
Administrasjonskostnader	8 237	8 064
Sum løn og generelle administrasjonskostnader	18 579	17 522



	Bank- sjef	Formann i repr.skapet	Medl. av repr.skapet	Medl. av styret	Medl. av kon- trollnemda
Løn	763	0	0	0	0
Anna godtgjersle	131	11	34	243	50
Årsverk i rekneskapsåret		22,4			
Kostnader til rentesubsidiering av lån til tilsette i rekneskapsåret		145			

Note 6 Andre driftskostnader

	2002	2001
Driftskostnader faste eiendomar	1 144	780
Andre driftskostnader	2 355	1 708
Sum andre driftskostnader	3 499	2 488
Godtgjersle til ekstern revisor		
Revisjonshonorar	186	162
Rådgjeving	37	40

Note 7 Tap på utlån, garantiar og kredittap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir

	2002	2001
Bokførte tap		
Endring i spesifiserte tapsavsetjingar	- 2 098	- 2 834
Endring i uspesifiserte tapsavsetjingar	2 000	3 525
Konstaterte tap som det tidlegare år er avsett tapsavsetjing for	1 531	718
Årets konstaterte tap som det tidlegare år ikkje er føreteke spesifiserte tapsavsetjingar på	119	100
Inngang på tidlegare års avskrivne tap	- 189	- 119
Sum tap på utlån, garantiar og kredittap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	1 363	1 390
Sum tap gjeld tap på utlån til kundar.		

Note 8 Nedskrivning / gevinst / tap på verdipapir som er anleggsmidlar

	2002	2001
Nedskrivning av aksjar	0	1 536
Tap ved realisasjon av aksjar	50	0
Sum nedskrivning / tap aksjar som er anleggsmidlar	50	1 536

Note 9 Skatt på ordinært resultat

	2002	2001
Utrekning av betalbar inntektsskatt		
Resultat før skattekostnad	14 922	17 412
Permanente skilnader	- 6	43
Endring i mellombelse skilnader	- 425	1 289
Sum skattegrunnlag	14 491	18 744
Skatt 28%	4 057	5 248
Godtgjersle på motteke aksjeutbytte	- 243	- 654
For mykje avsett skatt for forrige år	- 67	- 62
Sum betalbar skatt	3 747	4 532
Årets skattekostnad		
Betalbar inntektsskatt	3 747	4 532
Endring utsett skatt	119	- 361
Sum årets skattekostnad	3 866	4 171

Spesifikasjon av grunnlag for utsett skattefordel / utsett skatt:	31.12.01	31.12.02	Endring
Skilnader som kan utliknast			
Omløpsmidlar	- 3 109	- 3 474	365
Anleggsmidlar	- 2 299	- 1 551	- 748
Sum skattereduserande skilnader	- 5 408	- 5 025	- 383
Utsett skattefordel, 28%	- 1 514	- 1 407	- 107
Skilnader som ikkje kan utliknast			
Pensjonsmidlar	7 962	8 004	- 42
Utsett skatt, 28%	2 229	2 241	- 12
Netto utsett skatt	715	834	- 119

Note 10 Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar

	2002	2001
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid	5 326	34 143
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar med avtalt løpetid	95 532	453
Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	100 858	34 596

Note 11 Utlån til og fordringar på kundar

	2002	2001
Kasse-, drifts- og brukskredittar	37 537	46 680
Byggelån	9 856	35 662
Nedbetalingslån	1 057 696	929 212
Brutto utlån	1 105 089	1 011 554
Spesifiserte tapsavsetjingar	- 24 586	- 26 685
Uspesifiserte tapsavsetjingar	- 22 036	- 20 036
Sum netto utlån og fordringar på kundar	1 058 467	964 833

Utlån og garantiar fordelt på marknader

	Brutto utlån 2002	Brutto utlån 2001	Garantiar 2002	Garantiar 2001
Voss og omland	864 786	817 587	16 536	17 242
Resten av landet	240 303	193 967	0	0
Sum	1 105 089	1 011 554	16 536	17 242

Utlån fordelt på risikogrupper

Næringskundar

Risikoklasse	Kl.	Brutto utlån	Garantiar	Unyttta kassa- kr. og likn.	Spes. taps- avsetjingar
Låg risiko	A	54 241	2 763	3 656	28
Middels risiko	B	148 998	6 360	13 902	3 939
Høg risiko	C	54 063	1 035	941	13 251
Ikkje klassifisert		70 136	5 809	18 768	2 145
Sum		327 438	15 967	37 267	19 363

Privatkundar

Risikoklasse	Kl.	Brutto utlån	Garantiar	Unyttta kassa- kr. og likn.	Spes. taps- avsetjingar
Låg risiko	A	459 813	355	3 469	0
Middels risiko	B	289 466	214	2 184	0
Høg risiko	C	28 372	0	214	5 223
Sum		777 651	569	5 867	5 223



Utlån, garantiar og misleghaldne engasjement fordelt på viktige næringer

	Nærings- kunder 2002	Nærings- kunder 2001	Privat kunder 2002	Privat kunder 2001
Brutto utlån	327 438	342 248	777 651	669 306
Garantiar	15 967	17 242	569	0
Misleghaldne engasjement	7 309	14 145	4 180	7 560
Unyttta kassakreditt og liknande	37 267	41 712	5 867	6 333
Tapsutsette engasjement	99 724	105 231	24 192	22 887
Spesifiserte tapsavsetjingar	19 363	21 414	5 223	5 271

Næringskunder

Klassifisering av næringskunder skjer på grunnlag av kunden si økonomiske stilling og verdi av trygd i depot. Klassifisering av økonomisk stilling skjer på grunnlag av utrekna nøkkeltal for likviditet/soliditet og rentabilitet, som tel 50% kvar. I samla engasjement inngår i tillegg til samla lån, unyttta kredittar, garantirammer og påløpne renter.

Personkunder

Risikoklassifisering skjer etter belåningsgrad og verdi av trygd i depot.

Retningslinjer for kredittgjeving krev at risiko skal prisast. Låg risiko vert prisa lågare enn høg risiko. Dette gjeld begge risikogrupper.

Forskyvingar mellom risikogrupper gjennom året

Det har berre vore uvesentlege forskyvingar mellom risikogrupper i året.

Forventa nivå på tap dei neste 2 åra

Banken sin kredittrisiko vert overvaka gjennom rapport over misleghaldne engasjement og jamnleg gjennomgang og vurdering av risikoklassifisering. Tapsutsette engasjement vert ekstra overvaka.

Når det gjeld framtidige tap i banken sin næringsportefølje forventar vi ein liten reduksjon i tap i høve til brutto utlån. Også for privatpersonar forventar vi ein mindre reduksjon i tap i høve til brutto utlån. I år fordeler dei konstaterte tapa seg på 60% (0,9 mill. kr.) for næringskunder og 40% (0,6 mill. kr.) for privatkunder. Brutto utlån fordelt på risikogrupperne utgjer 29,6% for næringskunder og 70,4% for privatkunder. Storparten av tapsavsetjingane som er gjort, gjeld tapsavsetjingar i risikoklasse C, d.v.s høg risiko.

Forventa tap i høve til forventa renteinntekter

Samla bokførte tapskostnader i høve til brutto renteinntekter frå utlån utgjer for 2002 1,6%. Med føresetnad om ein mindre reduksjon i tapsnivå, kombinert med auke i utlån og uendra rentenivå, vil dette forholdstalet verta redusert.

Totalt misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

	2002	2001	2000	1999
Brutto misleghaldne lån	11 489	21 705	25 252	22 190
Spesifiserte tapsavsetjingar	4 563	5 595	5 191	5 199
Netto misleghaldne lån	<u>6 926</u>	<u>16 110</u>	<u>20 061</u>	<u>16 991</u>
Andre tapsmerka engasjement	123 916	128 118	141 003	132 715
Spesifiserte tapsavsetjingar	20 023	21 090	24 327	27 450
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån	<u>103 893</u>	<u>107 028</u>	<u>116 676</u>	<u>105 265</u>
Netto tapsutsette engasjement	<u>110 819</u>	<u>123 138</u>	<u>136 737</u>	<u>122 256</u>

Spesifiserte og uspesifiserte tapsavsetjingar på utlån til og fordringar på kunder

Spesifiserte tapsavsetjingar	2002	2001
Spesifiserte tapsavsetjingar pr. 01.01	26 685	29 518
Konstaterte tap i perioden der det tidlegare er føreteke tapsavsetjingar	- 1 531	- 718
Endring i spesifiserte tap i perioden	2 962	2 094
Nye spesifiserte tap i perioden	2 466	3 358
Tilbakeføring av spesifiserte tapsavsetjingar i perioden	- 5 996	- 7 567
Spesifiserte tapsavsetjingar pr. 31.12	<u>24 586</u>	<u>26 685</u>

Det er ikkje føreteke tapsavsetjingar på utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar eller på garantiansvar.

Uspesifiserte tapsavsetjingar	2002	2001
Uspesifiserte tapsavsetjingar pr. 01.01	20 036	16 511
Uspesifiserte tapsavsetjingar i perioden	2 000	3 525
Uspesifiserte tapsavsetjingar pr. 31.12	22 036	20 036
Påløpne, ikkje inntektsførte renter	2002	2001
Påløpne, ikkje inntektsførte renter på balanseført utlån pr. 01.01	495	823
Inntektsføring av tidlegare periodar sine renter på utlån	- 488	0
Påløpne, ikkje inntektsførte renter på utlån som har gått ut av balansen	0	- 732
Perioden sine påløpne, ikkje inntektsførte renter på utlån som er identifisert som tapsutsett	505	404
Påløpne, ikkje inntektsførte renter på balanseført utlån pr. 31.12	512	495

Note 12 Lån til tilsette og tillitsvalde samt nærstående av same

Tilsette	2002
Leiande tilsette	1 172
Sum tilsette	6 669
Lån til tilsette er ytt på generelle vilkår for tilsette i banken fastsett i intern avtale.	
Tillitsvalde	2002
Medlemer i representantskapet og kontrollnemnda	16 019
Medlemer i styret	5 074

Vilkår og krav til trygd for tillitsvalde og som ikkje er tilsette, er i samsvar med gjeldande regelverk.

Note 13 Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning

Samla sum sertifikat og obligasjonar	Kost- pris	Marknads- verdi	Bokført verdi	Gjennomsn. effektiv rente
Utstedt av det offentlege	253	253	253	7,39 %
Utstedt av andre	44 902	45 044	44 894	7,24 %
Sum sertifikat og obligasjonar	45 155	45 297	45 147	7,24 %
Herav børsnoterte verdipapir	45 155	45 297	45 147	7,24 %

Sertifikat og obligasjonar som inngår i handelsporteføljen

Handelsportefølje	Kost- pris	Marknads- verdi	Bokført verdi	Gjennomsn. effektiv rente
Utstedt av det offentlege	253	253	253	7,39 %
Utstedt av andre	20 000	19 992	19 992	7,52 %
Sum handelsportefølje	20 253	20 245	20 245	7,52 %
Herav børsnoterte verdipapir	20 253	20 245	20 245	7,52 %

Banken har ikkje sertifikat og obligasjonar som er omløpsmidlar utanom handelsporteføljen.

Sertifikat og obligasjonar som er anleggsmidlar

Anleggsmidlar	Kost- pris	Marknads- verdi	Bokført verdi	Skildnad bf.v og pålydande	Gjennomsn. effektiv rente
Stats- og statsgaranterte	0	0	0	0	0,00 %
Finansinstitusjonar	19 775	19 981	19 775	25	6,89 %
Utstedt av andre	5 127	5 071	5 127	-81	7,50 %
Sum anleggsmidlar	24 902	25 052	24 902	-56	7,02 %
Herav børsnoterte verdipapir	24 902	25 052	24 902	-56	7,02 %

Alle verdipapir er i norsk valuta.



Gjennomsnittlig effektiv rente er rekna ut i frå gjennomsnittlig rente på kvart papir på balansedagen, summert opp og vekta etter det enkelte papir sin marknadsværdi.

Beholdningsendring obligasjonar som er anleggsmidlar

Inngående balanse pr. 01.01	2002	35 712
Tilgang		0
Avgang		- 10 810
Reklassifisering		0
Periodisering over-/underkurs		0
Nedskrivning i rekneskapsåret		0
Utgåande balanse pr. 31.12		<u>24 902</u>

Note 14 Ansvarleg lånekapital i andre føretak

Ansvarleg lånekapital bokført som obligasjonar og som er handelsportefølje	2002	2001
	5 000	<u>0</u>
Av dette ansvarleg lånekapital i andre finansinstitusjonar	<u>5 000</u>	<u>0</u>

Note 15 Aksjar , andelar og andre verdipapir med variabel avkastning

Aksjar og grunnfondsbevis som inngår i handelsporteføljen	2002	2001
Aksjar og grunnfondsbevis som er omløpsmidlar utanom handelsporteføljen		10 602
Aksjar og andelar som er anleggsmidlar		0
Sum aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning		<u>1 304</u>
		<u>11 906</u>

Aksjar, andelar og grunnfondsbevis

	Tal aksjar	Eigarandel i prosent	Kost- pris	Marknads verdi	Bokført verdi
Aksjar - handelsportefølje					
DSND Inc.	21 400	0,0383	981	360	360
Merkantildata ASA	165	0,0001	6	1	1
Orkla ASA	5 000	0,0023	630	598	598
Statoil ASA	210	0,0000	15	12	12
Tomra ASA	5 000	0,0028	310	226	226
Telenor ASA	20 000	0,0011	536	534	534
Oslo Børs Holding ASA	4 548	0,0910	432	546	546
Romsdals Fellesbank ASA	1 884	0,3952	117	226	226
Eksporthfinans	464	0,3057	4 266	5 429	5 429
Grunnfondsbevis - handelsportefølje					
Indre Sogn Sparebank	2 600	0,6797	402	265	265
Sparebanken Rogaland	2 800	0,0371	714	504	504
Sparebanken NordNorge	10 550	0,1599	1 792	1 345	1 345
Sandnes Sparebank	3 000	0,0769	381	359	359
Hol Sparebank	1 900	0,4750	200	197	197
Sum aksjar og grunnfondsbevis - handelsportefølje			<u>10 782</u>	<u>10 602</u>	<u>10 602</u>
Herav børsnoterte verdipapir			6 516	5 173	5 173
Aksjar som er anleggsmidlar					
Diverse aksjar			4 590		1 304
Sum aksjar som er anleggsmidlar			<u>4 590</u>		<u>1 304</u>
Herav børsnoterte verdipapir			0		0
Sum aksjar, andelar og grunnfondsbevis			15 372		11 906

Behaldningsendringar aksjar og andelar som er anleggsmidlar

Inngående balanse pr. 01.01		2002	1 055
Tilgang			299
Avgang (tap)		-	50
Reklassifisering			0
Nedskrivning / reversering i rekneskapsåret			0
Utgående balanse pr. 31.12			1 304

Note 16 Varige driftsmidlar

	Maskiner, inv, transportm.	Bankbygning, faste eiged.	Sum
Kostpris pr. 01.01	9 891	3 669	13 560
Tilgang	3 705	0	3 705
Avgang	0	0	0
Kostpris pr. 31.12	13 596	3 669	17 265
Akkumulerte av- og nedskrivningar pr. 31.12	9 077	1 865	10 942
Bokført verdi pr. 31.12	4 519	1 804	6 323
Ordinære avskrivningar i år	604	150	754
Banken sine eigedomar vert kun nytta i eiga næring.			

Note 17 Forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter

	2002	2001
Opptente, ikkje mottekne inntekter	7 456	6 607
Overfinansiering av pensjonsforplikting	11 139	10 860
Andre forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader	530	0
Sum forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter	19 125	17 467

Banken har ei kollektiv pensjonsordning for 25 fast tilsette. I tillegg har banken forpliktingar, knytta til AFP-ordning for tilsette, som det er gjort avsetjing for. Estimerte verdiar som vert nytta ved måling av påløpne forpliktingar vert kvart år korrigererte i samsvar med oppgåve over pensjonsmidlane sin flytteverdi og aktuarberekning av storleiken på forpliktinga.

Fylgjande faktorar er lagt til grunn for utrekning av forpliktinga knytta til pensjonar

	2002	2001
Diskonteringsrente	6,00 %	6,00 %
Årleg lønsvekst	3,00 %	3,00 %
Årleg auke i Folketrygda sitt grunnbeløp, G	3,00 %	3,00 %
Årleg regulering av pensjonar	3,00 %	3,00 %
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	7,00 %	7,00 %
Forventa uttak AFP frå fylte 62 år	50,00 %	50,00 %
Forventa avgang tilsette: Vert gradert frå 8% for aldersgruppe 20-24 år og ned til 0% for 51-åringar og eldre		

Pensjonskostnad i året

	2002	2001
Noverdi av pensjonar opptent i perioden	637	547
Rentekostnader av påløpne forpliktingar	914	849
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	- 1 495	- 1 502
Netto pensjonskostnad i året	56	- 106
Løpande kostnader AFP	26	24
Resultatførte estimatavvik	14	3
Periodisert arbeidsgjevaravgift	44	38
Netto pensjonskostnad inkludert arbeidsgjevaravgift	140	- 41

Estimert ikkje resultatført estimatavvik pr. 31.12.02

2 229

Faktisk ikkje resultatført estimatavvik pr. 01.01.02

2 262



Note 18 Innskot frå og gjeld til kundar

	2002	Eff. rente	2001
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid	706 941	4,90 %	639 779
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid	395 202	6,83 %	338 318
Sum innskot frå og gjeld til kundar	1 102 143	5,58 %	978 097
Herav inneståande på særtilkårskonti med 1 mnd. oppseiingstid	367 360		311 407

Effektiv rente er berekna på grunnlag av bokført renteinntekt mot gjennomsnittleg saldo gjennom året.

Banken har ikkje innskot og gjeld til kundar i utanlandsk valuta.

Note 19 Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar

	2002	2001
Pensjonsordning AFP	3 135	2 898
Utsett skatt	834	715
Sum avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	3 969	3 613

Note 20 Ansvarleg lånekapital

Forfallsstruktur	Rentesats	2002	2001
Forfall 14.06.05, NOK	Fast årleg, 9,25%	9 000	9 000

Kostnader med administrasjon av ansvarleg lånekapital er uvesentleg.

Note 21 Eigenkapital

Banken sin aksjekapital på NOK 9 500 000 består av 95 000 aksjar à kr. 100,- pr. aksje.

Banken sine vedtekter § 8-6 har fylgjande reglar om stemmerett: "I generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn ein tidel av alle aksjar med røysterett eller gje fleire røyster enn ein femdel av dei røystene som er representerte på generalforsamlinga. Likt med aksjeeigarane sine egne aksjar skal ein rekna aksjar som er eigde av personar, selskap eller andre som står i eit slikt forhold til aksjeeigaren som nemnt i finansinstitusjonslova §2-6.

I tillegg er røysteretten i generalforsamlinga avgrensa slik:

- 1 - 10 aksjar gjev 1 røyst
- 11 - 20 aksjar gjev 2 røyster
- 21 - 40 aksjar gjev 3 røyster
- 41 - 100 aksjar gjev 4 røyster
- Fleire enn 100 aksjar gjev 5 røyster som er det høgste røystetal nokon kan ha."

RISK pr. aksje

Fastsett RISK pr. 01.01.02	114,65
Estimat for 2002	74,00

Aksjonærar som eig meir enn 1% av aksjane i banken

	Antal aksjar	Eigarandel
Voss Sparebank	9 499	9,99 %
Den norske Bank ASA	6 975	7,34 %
Sparebanken Hardanger	4 591	4,83 %
Tine Pensjonskasse	4 080	4,29 %
Kvinnerad Sparebank	3 047	3,20 %
Marta Nesheim	1 827	1,92 %
Verdipapirfondet Avanse	1 150	1,21 %
Nils Erling Ødegaard	1 096	1,15 %
Joh. Rasmussen & Rac.	1 000	1,05 %
August Ringvold Agenturer	950	1,00 %

Aksjar eigd av tillitsvalde og personleg nærstående av desse

Styremedlemer

Arveschoug, Jan, Banksjef	48
Kløve-Graue, Astrid	548
Kvarekval, Lars I.	458
Skeie, Arne Kjell	271
Ullestad, Anders	30

Representantskapet og kontrollnemnda

Bryn, Gunn Bjørg	42	Loven, Olav	62
Baartvedt, Kjell Ove	10	Senderud, Johan	66
Dyrdal, Ivar	120	Slettemark, Reidun	20
Dyrud, Olav	590	Tennebekk, Åse Karin	54
Fostås, Svein	388	Tveit, Mons	301
Faaberg, Lidvard	3	Øvsthus, Knut J.	432
Gjelland, Nils	60		

Endring i egenkapitalen

	Aksje- kapital	Annan egenkapital	Sum egenkapital
Eigenkapital pr. 01.01	9 500	125 199	134 699
Resultat i året		11 056	11 056
Utbytte		- 2 850	- 2 850
Eigenkapital pr. 31.12	9 500	133 405	142 905

Note 22 Kapitaldekning

Ansvarleg kapital	2002	Prosent	2001	Prosent
Bokført egenkapital	142 905	17,93 %	134 699	18,70 %
Netto overfinansiering pensjonsforplikting	- 8 020	- 1,01 %	- 7 819	- 1,09 %
Sum kjernekapital	<u>134 885</u>	<u>16,92 %</u>	<u>126 880</u>	<u>17,61 %</u>

Tilleggs kapital utover kjernekapitalen

Ansvarleg lånekapital	9 000	1,13 %	9 000	1,25 %
Reduksjonar 5 siste år	- 5 400	- 0,68 %	- 3 600	- 0,50 %
Netto ansvarleg lånekapital	<u>3 600</u>	<u>0,45 %</u>	<u>5 400</u>	<u>0,75 %</u>
Brutto ansvarleg kapital	138 485	17,37 %	132 280	18,36 %
Reduksjonar av ansvarleg lånekapital som ikkje kan reknast med	0	0,00 %	0	0,00 %
Netto ansvarleg kapital	<u>138 485</u>	<u>17,37 %</u>	<u>132 280</u>	<u>18,36 %</u>

Berekningsgrunnlag

Eignelutar frå balansen	795 252		724 383	
Berekningsgrunnlag handelsporteføljen	39 008		32 004	
Postar utanom balansen	9 719		10 813	
Tapsavsetjingar som ikkje kan reknast med	- 46 622		- 46 721	
Ansvarleg kapital i andre finansinst. som ikkje kan reknast med	0		0	
Totalt berekningsgrunnlag	<u>797 357</u>		<u>720 479</u>	

Kapitaldekning		17,37 %		18,36 %
Herav tilleggs kapital		- 0,45 %		- 0,75 %
Sum kjernekapital		16,92 %		17,61 %

Note 23 Garantiar

	2002	2001
Betalingsgarantiar	4 266	3 736
Kontraktsgarantiar	7 070	8 481
Garanti overfor Forretningsbankenes Sikringsfond	9 571	10 977
Andre garantiar	<u>5 200</u>	<u>5 025</u>
Sum garantiar	<u>26 107</u>	<u>28 219</u>

Note 24 Pantsetjingar

Av banken sin obligasjonsportefølje er obligasjonar pålydande kr. 30 mill. NOK og bokført til kr. 29,8 mill. NOK, pantsett til Noregs Bank som trygd for D-lånstrekk. Pr. 31.12 er denne retten ikkje nytta.

Note 25 Finansiell risiko

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken i ein gitt situasjon ikkje er i stand til å refinansiera seg i tilstrekkeleg grad til at banken kan møte sine forpliktingar. Det er i hovudsak 3 tilhøve som har innverknad på likviditetsrisiko;



- 1) balansestruktur: Banken har liten skilnad i omløpsfart og bindingstid på aktiva og passiva, og har såleis eit lågt refinansieringsbehov.
- 2) likviditeten i marknaden: Denne er vurdert til god.
- 3) kredittverdighet: Kredittverdighet kjem til uttrykk gjennom banken sin rating. Viktige element i ratingen er banken sin soliditet, likviditet, inntening, risikoprofil og porteføljekvalitet. Banken er ratet på same nivå som samanliknbare bankar.

Avtalt løpetid for hovudpostar i balansen	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Utan løpetid	Totalt
Kontantar og fordringar på sentralbankar	19 373	0	0	0	0	19 407	38 780
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	65 858	35 000	0	0	0	0	100 858
Utlån til og fordringar på kundar	49 250	14 916	74 046	279 608	687 269	0	1 105 089
- tapsavsetjingar	0	0	0	0	0	- 46 622	- 46 622
Obligasjonar, sertifikat og liknande	0	19 775	0	20 372	5 000	0	45 147
Øvrige eignelutar	0	12 713	0	6 317	0	18 324	37 354
Sum eignelutar	134 481	82 404	74 046	306 297	692 269	- 8 891	1 280 606
Innskot frå og gjeld til kundar	1 102 143	0	0	0	0	0	1 102 143
Øvrig gjeld med restløpetid	12 490	856	7 507	0	0	5 705	26 558
Ansvarleg lånekapital	0	0	0	9 000	0	0	9 000
Eigenkapital	0	0	0	0	0	142 905	142 905
Sum gjeld og eigenkapital	1 114 633	856	7 507	9 000	0	148 610	1 280 606
Netto likviditetseksposering på balansepostar	980 152	-81 548	-66 539	-297 297	-692 269	157 501	0

Kassekreditt er klassifisert med løpetid inntil 1 måned.

Renterisiko

Renterisiko oppstår som eit resultat av at rentebindingstida for banken si aktiva- og passivaside ikkje er samanfallande. Styringa av banken sine renterisiki skjer gjennom risikorammer gjevne av banken sitt styre. Banken har ingen utlån med fast rente.

	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Utan rente-eksp.	Totalt
Kontantar og fordringar på sentralbankar	19 373	0	0	0	0	19 407	38 780
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	65 858	35 000	0	0	0	0	100 858
Utlån til og fordringar på kundar	0	1 098 300	0	6 789	0	0	1 105 089
- tapsavsetjingar	0	0	0	0	0	- 46 622	- 46 622
Obligasjonar, sertifikat og liknande	10 000	30 020	5 127	0	0	0	45 147
Øvrige eignelutar	0	0	0	0	0	37 354	37 354
Sum eignelutar	95 231	1 163 320	5 127	6 789	0	10 139	1 280 606
Innskot frå og gjeld til kundar	0	1 102 143	0	0	0	0	1 102 143
Øvrig gjeld med restløpetid	0	0	0	0	0	26 558	26 558
Ansvarleg lånekapital	0	0	0	9 000	0	0	9 000
Eigenkapital	0	0	0	0	0	142 905	142 905
Sum gjeld og eigenkapital	0	1 102 143	0	9 000	0	169 463	1 280 606
Netto renteeksposering på balansen	-95 231	- 61 177	-5 127	2 211	0	159 324	0

Rentefølsemd

Resultatverknad ved renteendring på ein prosent

Handelsportefølje obligasjonar og sertifikat	501
"Halde til forfall" obligasjonar og sertifikat	412

Valutarisiko

Valutarisikoen til banken er knytt til verdiendringar på banken si kontantbeholdning av valuta. Den gjennomsnittlege beholdninga gjennom året utgjer om lag 1,0 mill NOK.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Alle tal i heile NOK 1 000.

	2002	2001
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	101 241	95 859
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	- 61 972	- 57 110
Andre innbetalningar	1 046	2 479
Driftsutbetalningar	- 21 594	- 22 892
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	189	119
Utbetalt utbytte	- 3 325	- 3 040
Betalte skattar	- 4 520	- 4 742
Tilført frå verksemda	11 065	10 673
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån	- 95 185	-142 784
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	124 046	85 842
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	167	160
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	14 659	29 362
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	- 95 078	49 970
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	3 529	- 354
Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd	- 47 862	22 196
Investert i varige driftsmidlar	- 3 705	- 540
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	218
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	- 299	9 249
Netto kontantstraum frå investeringar	- 4 004	8 927
Netto endring likvidar	- 40 801	41 796
Likviditetsbeholdning pr. 01.01	84 816	43 020
Likviditetsbeholdning pr. 31.12	44 015	84 816
Likviditetsbeholdning 31.12 består av		
Kontantar og fordringar på sentralbankar	38 780	50 674
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	5 235	34 142
Sum likviditetsbeholdning pr. 31.12	44 015	84 816



MELDINGAR

Revisjonsmelding for 2002

Me har revidert årsrekneskapen for Voss Veksel- og Landmandsbank ASA for rekneskapsåret 2002 som syner eit årsoverskot på **kr. 11.056.067**. Me har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halda fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og banksjef. Vår oppgåve er å vurdera og uttala oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Me har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at me planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken me treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vur-

dering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det fylgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av formuesforvaltninga og rekneskaps- og intern kontroll-systema. Me meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Me meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for banken si økonomiske stilling 31. desember 2002 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halda fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Voss, 30. januar 2003

Jostein Bøyum
Statsautorisert revisor

Melding frå kontrollnemnda

Kontrollnemnda har i 2002 føreteke dei kontrollane som nemnda er pålagde etter instruks og gjeldande lover.

Banken sine utlån og pengeplasseringar er kritisk vurdert.

Styreprotokollen, overtrekkslistene og listene over mislegaldne lån er gjennomgått minst ein gong for kvartalet.

Kontrollnemnda har gått gjennom årsmeldinga frå styret, årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Ein har ikkje noko å merka, og vil råda til at rekneskapen for 2002 vert godkjend slik den er oppsett av styret.

Voss, 31. januar 2003

Lidvard Faaberg
Formann

Kjell Ove Baartvedt

Bjarne Fosse

Melding frå representantskapet

Rekneskapen for 2002 har vore handsama i representantskapsmøte den 19. februar 2003 saman med årsmelding frå styret, revisjonsmelding og melding frå kontrollnemnda.

Representantskapet vedtok samrøystes å rå til overfor årsmøtet at:

- rekneskapen for 2002 vert godkjent og overskotet nytta slik som styret gjer framlegg om
- 30 kr. pr. aksje i utbytte vert å betala ut til dei som står registrert som aksjeeigarar i banken pr. 21. mars 2003.

Voss, 19. februar 2003

Ivar Dyrdal
Formann



REPRESENTANTSKAPET

Representantar for aksjonærane:

Medlemer:

- * Kjøpmann Ivar Dyrdal, Voss
- Disponent Gunn Bjørg Bryn, Voss
- Apotekar Olav Dyrud, Voss
- Lærer Svein Fostås, Voss
- * Gardbrukar Nils Gjelland, Voss
- Lenmann Kjell Ove Baartvedt, Voss
- * Fotograf Johan Senderud, Voss
- * Næringsdrivande Åse Karin Tennebekk, Voss
- Kjøpmann Mons Tveit, Voss
- * Ingeniør Knut J. Øvsthus, Voss
- Kjøpmann Olav Loven, Voss

Representantar for dei tilsette:

Medlemer:

- Avdelingsleiar Bård Gjerde, Skulestadmo
- Avdelingsleiar Arild Stalheim, Skulestadmo
(varamedlem av styret frå 15.03.02)
- Kunderådgjevar Johanna Sølberg Fenne, Voss
- Kunderådgjevar Reidun Slettemark, Voss

Formann i representantskapet:

- * Kjøpmann Ivar Dyrdal, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- Gardbrukar Lars Even Lemme, Voss
- Næringsdrivande Bjørg Knapstad, Voss
- Lærer Magne Røystrand, Granvin
- Dagleg leiar Grete Marie Vikan, Voss
- Gardbrukar Kjell Arne Lid, Voss
- Skogkonsulent Trygve Refsdal, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- Kundehandsamar Guri Selheim, Voss
(medlem av representantskapet frå 15.03.02)
- Kundehandsamar Irene Kvarme, Vossestrand
- Kundehandsamar Ingunn Sognefest, Voss
- Kundehandsamar Olborg Brekke, Voss

Varaformann i representantskapet:

- * Disponent Gunn Bjørg Bryn, Voss

STYRET

Medlemer:

- Disponent Astrid Kløve-Graue, Voss, formann
- * Gartnar Arne Kjell Skeie, Voss, nestformann
- Avd.ing. Lars I. Kvarekval, Voss
- * Kjøpmann Anders Ullestad, Voss
- Kunderådgjevar Norvald Fretheim, Skulestadmo
(representant for dei tilsette)
- Banksjef Jan Arveschoug, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- Gardbrukar Dagfinn K. Gjømstein, Skulestadmo
- Rektor Jorunn Lødemel, Voss
- Avdelingsleiar Arild Stalheim, Skulestadmo
(vararepresentant for dei tilsette)

KONTROLLNEMDA

Medlemer:

- Sorenskrivar Lidvard Faaberg, Voss
- Apotekar Olav Dyrud, Voss,
- Lenmann Kjell Ove Baartvedt, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- Rekneskapsjef Bjarne Fosse, Voss
- Gardbrukar Jan Geir Jensen, Voss

Tillitsvalde som er merkte med * står på val i 2003



Fastlegen frå Valland

Han var den aller mest ettertrakta lækjaren i heile Hordaland då fastlegeordninga vart innført. Heile 2505 pasientar, 5 meir enn den øvre grensa, fekk plass på den lange lista til den bustete mannen som held hus på Hestavangen. Men det var eit lidenskapeleg forhold til eit anna hus som førte Gjermund Valland til Voss.

Av STEINAR NEDKVITNE

I gymnastida fekk bondesonen frå Valland i Kvam eit heilt spesielt forhold både til eit hus oppi Rognsbakken og til ei jente frå same traktene. Jenta fekk han som han ville, og huset det skulle han berre ha den dagen det vart til sals.

Unge Valland var turnuskandidat på ein annan kant av landet då «Baumanhuset» vart ledig, og han var snar om å be banken sin på Voss om å få lån. Men fekk blankt avslag. Dermed måtte han gå til konkurrenten, og fekk med ein gong lån hjå Arne Gjerde i Vekselbanken til å kjøpa dette spesielle huset frå 1901.

-Eg hadde likevel ikkje tenkt eg skulle verta doktor på Flatvangen, humrar den skjeggete kraftpluggen. Men no har han helde det gåande i 25 år, utan å vera vekke ein einaste dag på grunn av sjukdom.

Lange dagar

-Eg sa eg ville ha makstal på mi pasientliste då fastlegeordninga kom i stand. Eg trudde ikkje so mange ville ha meg. Slik forklarar den mest ettertrakta fastlegen i fylket kvifor han har dei lengste listene, og framleis har mange på «venteliste».

-Eg køyrer ein stil, den får pasientane godta eller ikkje. Han let det skina gjennom at han ikkje kastar bort tid på dill og dall. Arbeidsdagen startar klokka sju og varer til klokka halv fem. Då er det middag med familien, før det ber ned at på kontoret og fleire nye arbeidstimar på kveldstid.

-Det er for å halda skrivebordet rimeleg reint, forklarar han.



Eit lidenskapeleg forhold til dette huset er ein viktig grunn til at Valland er lækjar på Vangen (Foto: Fotograf Senderud AS)



Hobbyen som kunstmålar gjev energi til lange arbeidsdagar (Foto: Fotograf Senderud AS)

Likar å arbeida

Gjermund vaks opp på garden Valland mellom Øystese og Norheimsund, og det var ei tid meininga at det var han som skulle overta bruket. Ein eldre bror var i utgangspunktet ikkje særleg interessert i å verta bonde, men skifta meining etter ei tid.

Dermed bestemte den unge mannen seg for at han ville prøva å verta lækjar. Før det hadde han prøvd seg både som hovmeister på Park, anleggskokk på Bjølvo-anlegget ovanfor Ålvik og som avisbod med fleire fulle væsker med BT, Dagen og BA på sykkelen. Men det var som heilt ung skulegut han lærte seg å stå tidleg opp om morgonen. Han brukte nemleg å stå opp klokka halv seks for å trekkja garn, slik at han fekk fisk heim til mora, slekta og nokre kjøparar før han skulle på skulen.

Kjekt heima

-Du må ha det kjekt heima, og så må du ha eit kjekt arbeid. Dette er livsførsla som innbyr til god helse, seier den gråskjeggete og overvektige lækjaren, som ikkje lenger ser ut som nokon stor idrettsmann. Den ikkje heilt lette kroppen skuldast at han må ha bilen med seg på Vangen for å få utført arbeidet sitt, får me vita.

Men det har ikkje alltid vore slik. Han kan mellom anna skilta med ein andreplass i bryting frå studendetmeister-skapen i Nord-California i 1966. Dessutan har han spelt amerikansk fotball og vore både kikker og halfback. Her heime gjorde han seg gjeldane som ein lovande sprintar med 11,8 som pers på 100 meter.

Sjølv om han ikkje lenger er noko førebilete for pasientane med slank kropp, så held han seg likevel i brukbar form. Det har fleire fine fjellturar saman med kona æra for.

Hobbymålar

Det er likevel kunsten som er generatoren som gjer det mogeleg å halda det gåande med lang arbeidsveke på Vossevangen legesenter. Han meiner arbeidet i atelieret gjev lading på batteria, sjølv om han må ta natta til hjelp for å kunna utøva den kjære hobbyen sin.

Den dagen han kjøpte målaraker hjå Olaug Honve på Leikestova vart han heilt hekta. Han klarte ikkje leggja frå seg penselen, og dreiv på heile natta. Sidan har det vorte mange seine kveldar framfor staffeliet. I starten dreiv han på med dette kvar einaste kveld etter at vanlege folk hadde lagt seg.



- Når andre legg seg sler eg oppi terpentin. Då er klokka gjerne elleve eller tolv, forklarar den ivrige hobbykunstnaren. Han hevdar at han klarer seg med lite søvn. Difor er det slett ikkje noko ulempe å driva med dette på nattestid.

-Alt med pasientane forsvinn når eg driv med kunsten, seier mannen som har fått bygt seg eige atelier i tilknytning til det staselege huset i Rognsbakken.

Likar å snakka

Valland er glad i å snakka med pasientane sine også om andre ting enn sjukdom. Men det er viktig for han å skilja mellom arbeid og fritid. Han kan ikkje ta med seg lidingane til folk heim. Difor er han heller ikkje alltid den mest prat-same du møter ein laurdags føremiddag på Vangen. Utanom arbeidet er ikkje sjukdomshistoriar den største favoritten.

-Eg hadde ikkje hengje i hopa utan, unnskylder han seg med.

-Å reisa til Herand saman med kona er den beste helgetrивnaden. Der fekk han kjøpt seg ei hytte for nokre år sidan og ned dit fer han og kona så ofte som mogeleg. Noko av det likaste han gjer på hytta er å ta opp att gamle kunstar som garnfiskar.

Pasientane likar han aller best å snakka med der dei bur. Difor har den tilårskomne blå Mercedesen hans gått 600 tusen kilometer.

-Ein pasient i Jordalen og ein på Aldal skal ha same behandling som ein på Flatvangen. Det går ikkje an å tenkja økonomi når ein har med pasientar å gjera, seier mannen som også økonomisk har gjort det bra i lækjarpraksisen, som han overtok etter doktor Juvik.

Under 4 oberstar



Om lag 2500 pasientar har dette som sitt faste legekontor

(Foto: Fotograf Senderud AS)

Den første lækjarjobben på Voss hadde Valland som vikarlege hjå Knut Hernes i Bonsaksenhuset. I same huset som han i dag driv Vossevangen legesenter med god omsetnad. Sjølve huset eig han to etasjar av, pluss tomta. Legesenteret driv han saman med Vigleik Kolltveit, men også lab- og kontorhjelpe Randi Kirsten Flatlandsmo Røthe og Ragnhild Kristensen er svært viktige for drifta.

Det var kjøpet av lækjarpraksisen til Odd Bjermund Juvik som gav den no så ettertrakta fastlegen skikkeleg fotfeste på Flatvangen. Men det var jobben som lækjar for IR10 på Tvildemoen han hadde mest lyst å satsa på. I alle fall viss han hadde fått kjøpa Kapteinsgarden på Dugstad slik han ynskte.

-Det var ei ulukke at eg ikkje fekk det til. Eg miste litt kveikja då det skar seg. Han fortel entusiastisk om ein trivnadstad for unge og gamle som han hadde planar om å byggja opp på den gamle praktgarden. Å ta vare på gamle hus har alltid vore ei stor interesse.

-Hadde kjøpet av Kapteinsgarden gått i orden ville eg ha vore lækjar i Forsvaret og kanskje kutta ut praksisen på Vangen. Slik gjekk det likevel ikkje. Han rakk å vera lækjar for Forsvaret under fire oberstar og tenestegjorde på Tvildemoen i heile 18 år. Likevel er det nok ingen ting som står så fjellstøtt som praksisen på Vangen.

-God kjemi med dei du skal samspela med, er forklaringa.

Kunne vore murar

Sjølv om mannen ruvar i landskapet med den svære kroppen, så hevdar han sjølv at han har lege lågt i terrenget den tida han har vore på Voss. Det er likevel ikkje til hinder for sterke meiningar.

-Den største ulukka for Vangen dei siste 10 åra er at Vangstunellen aldri har kome på plass. Det er han vonbroten over, mannen som tok initiativ til aksjonen «tunell bak Vangen før stamvegopning» for 13 år sidan.

Etter så mange år på Voss synest han sjølv at han kanskje burde vore flinkare til å engasjera seg i lokale saker. Bortsett frå det er det lite han angrar på. Han angrar ikkje på at han 5-6 gonger i året reiser på smørjeturar, betalt av farmasiindustrien. Og han angrar slett ikkje på at han som einaste medisinstudent forlangte å få eksamensoppgåvene på nynorsk.

-Men har du nokon gong angra på at du vart lækjar?

-Nei, men eg har stor trivnad av praktisk arbeid. Det var eigentleg det eg skulle drive med. Eg kunne godt tenkt meg å vore murar.



Vekselbanken

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Postboks 10, 5701 Voss

Telefon: 56 52 35 00

Telefax: 56 51 27 47

E-post: post@vekselbanken.no

Internett: www.vekselbanken.no